



Arkivsaknr: 2026/3477-2  
Sakshandsamar: Mari Emilie Pettersen  
Hagenlund  
Avdeling: Landbruk

## SAKSFRAMLEGG

Høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet

| Utvalssak | Utval                          | Møtedato |
|-----------|--------------------------------|----------|
|           | Utval for areal, plan og miljø |          |

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune legg fram høyringsuttale til forslag om ny viltressurslov, med særleg vekt på regulering av bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort slik det går fram av saka med vedlegg. Hovudtrekka i uttalen gjeld følgende punkt:

- Alver kommune støttar hovudregelen om forbod mot bruk av synleg lys og særskilde siktemiddel til jakt, men at det opnast for unntak til bruk av særskilde siktemiddel til hjortejakt ved regulering i forskrift for å avverje skade på natur- eller samfunnsinteresser.
- Kommunen er svært kritisk til ei ordning med kommunal søknad og kommunal fastsetting av forskrift. Kommunen meiner regulering bør skje på fylkesnivå for å sikre lik praksis og redusert byråkrati.
- Ein eventuell opning for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel må vere avgrensa og målretta, med moglegheit for regulering til kjønn, alder og tidsrom, samt eventuelle krav til opplæring, evaluering og oppskyting.
- Kommunen understrekar at slikt utstyr skal vere eit særskilt verkemiddel for å avverje skade, ikkje eit ordinært hjelpemiddel i jakt.
- Når det gjeld bruk av hund, meiner kommunen det bør opnast for bruk av laus ettersøkshund under privat ettersøk av omsyn til dyrevelferd.
- Kommunen støttar avgrensa bruk av synleg lys og særskilde siktemiddel i andre samanhengar, og meiner varsling til grunneigar og politi er tilstrekkeleg ved bruk av utstyret til ettersøk.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i fleire sentrale forskrifter på viltområdet, samt forslag til nye forskrifter. Føremålet med endringane er å samordne forskriftsregelverket med reglane i viltressurslova.

I høyringsnotatet går det fram:

*«Departementenes forslag innebærer materielle endringer i følgende forskrifter:*

- forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøvelse av jakt, felling og fangst (videre omtalt som utøvelsesforskriften),*
- forskrift 1. april 2020 nr. 565 om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark (viltforskriften) og*
- forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (videre omtalt som rovviltforskriften).*

*Det foreslås også endringer av mer redaksjonell karakter i følgende forskrifter:*

- forskrift 21. januar 2022 nr. 128 om jakt- og fangsttider samt sankning av egg og dun for jaktsesongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028 (videre omtalt som jakttidsforskriften),*
- forskrift 20. august 2007 nr. 987 om jakt, felling, fangst og fiske på statsgrunn utenfor statsallmenning,*
- forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort,*
- forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt, forskrift 26. april 2017 nr. 519 om forvaltning av bever,*
- forskrift 17. desember 2019 nr. 1878 om utlegging av åte og fôring av vilt, og*
- forskrift 4. april 2023 nr. 483 om lodden (vårjakt på ender) fra og med 1. mai 2023-6. juni 2028, Kautokeino kommune, Troms og Finnmark.*

*I tillegg foreslår departementene tre nye forskrifter med hjemmel i viltressursloven. Disse forskriftene gjelder regler om behandling av personopplysninger i Jegerregisteret, fastsetting og innkreving av jegeravgift og fellingsavgift for villrein, samt fastsetting av overtredelsesgebyr. Innholdet i forslaget til de nye forskriftene er i stor grad av administrativ karakter.»*

Fullstendig høyringsnotat er vedlagt saka.

Forslag til endring omfattar mellom anna reglar om bruk av synleg lys og særskilte siktemiddel og bruk av hund under jakt

Eit sentralt tema i høyringa er bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel ved jakt på hjort.

Om bruk av termiske siktemiddel:

Høyringsnotatet viser til Stortinget sitt vedtak om at det skal utformast forskrift som framleis tillèt bruk av termisk sikte ved jakt på hjort .

Departementet peikar sjølv på at:

- Hjorten er ein talrik art med aukande bestand
- Det er behov for meir effektiv og målretta forvaltning
- Termisk teknologi kan bidra til betre uttak og redusere skadar

Samtidig vert det foreslått ei ordning med avgrensingar og søknadsbasert tilgang.

Vurdering

### **Jakt på hjort – § 29a**

Kommunen støttar den føreslegne systematikken i viltressurslova, der hovudregelen er forbod mot bruk av synleg lys og særskilde siktemiddel under jakt. Samstundes vert det opna for at unntak kan regulerast i forskrift, innanfor rammene av «skadevilkåret» i Bernkonvensjonen. Kommunen er samd i at det ikkje ligg føre eit tilstrekkeleg rettsleg grunnlag for å innføre eit generelt unntak for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort.

Kommunen stiller seg derimot svært kritisk til ei løysing der det vert opna for kommunale søknader til Landbruksdirektoratet, basert på lokalt dokumentert behov, med påfølgjande fastsetjing av kommunale forskrifter som opnar for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort. Ei slik ordning vil etter kommunen si vurdering kunne medføre unødig byråkrati, redusert føreseielegheit og risiko for ulik praksis mellom kommunar.

Alver kommune meiner at forskrifter som opnar for bruk av termisk og restlysforsterkande våpenmontert utstyr for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser årsaka av hjort, bør fastsetjast på fylkesnivå. Overordna styresmakter har allereie tilgang til eit omfattande forskingsbasert kunnskapsgrunnlag, mellom anna gjennom bestandsovervaking av hjortevilt, forskning på økonomiske konsekvensar av skadar årsaka av hjort i landbruket og statistikk over viltpåkøyrslar. Dette vert vurdert til å gi eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere behovet for slike tiltak på regionalt nivå.

Når føremålet med bruk av denne typen utstyr er å redusere for høge bestandstettleikar, vil tiltaket vere meir effektivt dersom det vert koordinert på fylkesnivå, snarare enn gjennom fragmenterte kommunale ordningar. Vidare vil ei regional tilnærming betre kunne ta omsyn til variasjonar i bestandstettleik, trekkmonster og næringstilgang.

### **Internasjonal kontekst og forvaltningsnivå**

Kommunen peikar på at Noreg i dag er, etter kommunens kjennskap, det einaste landet i Europa som tillèt nattjakt på hjort. Ei ytterlegare opning for bruk av termisk og

restlysfosterkande våpenmontert utstyr ved slik jakt manglar europeisk presedens. Enkelte land, som England og Skottland, har dei seinare åra opna for tilsvarande bruk, men dette har skjedd som del av omfattande statlege tiltak knytte til reduksjon av skadar på mangfald og/eller for å redusere framande artar, og hybridisering mellom hjorteviltartar.

Etter kommunen si vurdering er dette eit såpass ekstraordinært verkemiddel at avgjerd om bruk bør liggje på eit høgare statleg nivå, ikkje på kommunenivå. Etter kommunen si vurdering vil det vere naturleg at Landbruksdirektoratet, med sitt overordna ansvar for forvaltning av haustbart vilt, utarbeider forskrifter som opnar for slik bruk på fylkesnivå.

### **Avgrensingar og omsyn til bestandsforvaltning**

Departementet bør etter kommunen si vurdering vurdere om forskrifta bør opne for avgrensingar knytte til kjønn og alder på dyr som kan fellast ved bruk av særskilde siktemiddel. Vidare bør det vurderast tidsmessige avgrensingar for å unngå auka forstyrning i brunstperioden.

Kommunen er særleg uroa for at ei generell opning, utan slike avgrensingar, kan auke jakttrykket på eldre og erfarne bukkar. Desse individar spelar ei viktig rolle i utviklinga av robuste bestandar, i tråd med nasjonale mål for hjorteviltforvaltning. Intensjonane i Bernkonvensjonen er at unntak frå forbod berre skal skje i strengt kontrollerte former, på selektivt grunnlag og i avgrensa utstrekning.

Kommunen understrekar at bruk av termisk og restlysfosterkande våpenmontert utstyr ikkje bør sjåast som eit ordinært hjelpemiddel i jakt, men som eit særskilt verkemiddel for å avverje alvorleg skade. Det er i forarbeida lagt til grunn at bruk av handhaldne innretningar til observasjon som nyttar restlysfosterkande eller termisk teknologi som hjelpemiddel under jakt er tillate.

### **Tidsavgrensing, kompetanse og evaluering**

Ei tidsavgrensing på inntil fem år for ei eventuell forskrift framstår som rimeleg, særleg dersom uttaket rettar seg mot kalv og hodyr. Kommunen meiner vidare at bruk av slikt utstyr eventuelt bør føresetje særskild opplæring, til dømes gjennom kurs og oppskyting.

Det bør òg vurderast om det skal stillast krav til målbar effekt av tiltaket, slik at ein kan evaluere om ordninga faktisk bidreg til å redusere skadeomfanget gjennom reduksjon av bestandstettleiken.

### **Bruk av kunstig lys i andre samanhengar**

Kommunen stiller seg positiv til at det i forskrift er opna for bruk av synleg lys, restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt på villsvin og raudrev, når jakta går føre seg i ope terreng eller ved åteplass. Kommunen vurderer dette som ei føremålstenleg utviding av verkemiddel, då det gir bønder betre høve til å regulere bestanden av raudrev og slik styrkje vernet av husdyr.

Tilsvarande vurdering gjer seg gjeldande for lovleggjinga – med varslingsplikt – av bruk av synleg lys og særskilde siktemiddel ved felling eller forsøk på felling av skadevaldande

individ etter naturmangfaldlova § 18 og viltforskrifta kapittel 3. Det same gjeld for bruk av slike hjelpemiddel under ettersøk av skadd hjortevilt, raudrev og villsvin.

Kommunen vurderer det òg som positivt at synleg lys kan nyttast ved avliving av vilt som er fanga i levandefelle, samt ved den omgåande undersøkinga av skotstaden og området kring denne. Samstundes framstår det som mindre grunngjeve at desse reglane ikkje skal gjelde ved kvotejakt og skadefelling av gaupe, eller ved felling av jerv, bjørn og ulv, med mindre anna følgjer av forskrift eller enkeltvedtak.

Vidare er det positivt at bruken ikkje er avgrensa til innmark, men òg omfattar ope terreng, noko som er av vesentleg tyding for å redusere skadar i skogbruket. Kommunen stiller likevel spørsmål ved om det er eit reelt behov for ei detaljert avgrensing av kva som skal reknast som «ope terreng». Etter kommunen si vurdering vil dei generelle krava til forsvarleg jaktutøving og god dyrevelferd i seg sjølve utgjere tilstrekkelege rammer for bruken.

Det er brukaren sitt ansvar å ha tilstrekkeleg kunnskap om utstyret sine avgrensingar, og å syte for at jaktutøvinga skjer på ein måte som tek omsyn til dyrevelferd og tryggleiken til menneske, husdyr og eigedom, jf. viltressurslova § 21 og dyrevelferdslova § 20.

### **Ettersøk og varslingsplikt**

Når det gjeld varslingsplikt ved gjennomføring av ettersøk, vurderer kommunen det som unødvendig at kommunen skal varslast kvar gong det vert nytta synleg lys eller særskilde siktemiddel. Kommunen meiner at ei eventuell involvering frå kommunal side bør byggje på meir konkret og relevant informasjon om sjølve ettersøket enn berre opplysningar om at slikt utstyr er teke i bruk. Varsel om bruk av utstyr åleine gir ikkje eit tilstrekkeleg grunnlag for å førebu ei mogleg overtaking av ettersøket. Varsling ved pågåande ettersøk er dessutan allereie regulert i samsvar med § 22 i viltressurslova.

Varsling til politiet vert vurdert som tilstrekkeleg av omsyn til offentleg tryggleik, og vil ivareta politiet sitt behov for informasjon ved observasjon av særleg synleg lys i terrenget. Kommunen stiller likevel spørsmål ved korleis varslingsplikta overfor grunneigar reelt skal forståast. Dette gjeld både i relasjon til § 23 i viltressurslova og den vidareførte ordlyden i forskrifta knytt til bruk av synleg lys og særskilde siktemiddel under ettersøk. Dersom alle eigarar av grunneigedomar som vert kryssa, eller har vorte kryssa, ved bruk av synleg lys under eit ettersøk skal varslast anten «før ettersøket tek til» eller «umiddelbart etter avslutta søk», framstår formuleringa som tilnærma umogleg å etterleve i praktisk ettersøk.

### **Reglar for bruk av hund (§ 22 b)**

Kommunen støttar forskriftsfesting av forbod mot bruk av hund under jakt, jakthundetrening, lisensfelling og skadefelling som ved bitt held fast, skadar eller avlivar viltet, jf. § 22 b.

Det vert likevel vurdert som sær uheldig at departementet ikkje i tilstrekkeleg grad har klart å anerkjenne og tydeleggjere skilnaden mellom ordinær jakt og ettersøk på skadd hjortevilt,

villsvin og rev som følge av jakt. Denne manglende differensieringa vert vurdert som eit klart tap i eit dyrevelferdsperspektiv ved privat ettersøk.

Kommunen meiner at § 22 b inneber ei vesentleg avgrensing av jakta sin viktigaste forplikting, nemleg å avlive viltet så raskt og effektivt som mogleg, og å redusere liding til eit minimum, særleg ved skadeskyting av villsvin, rev og hjortevilt.

Alver kommune meiner at det anten bør etablerast eit eige punkt om ettersøk under § 22 som opnar for bruk av laus ettersøkshund som ved bitt held fast eller avlivar vilt ved ettersøk av skadd vilt. Alternativt kan eit slikt unntak innarbeidast i føreslått § 22 b, der forbodet i første ledd allereie ikkje gjeld for hund som apporterer på skote småvilt.

Vidare vurderer kommunen det som tvingande nødvendig å kunne nytte laus ettersøkshund med tilstrekkeleg viltskarpheit ved privat ettersøk, i tråd med praksis i andre nordiske og europeiske land, der dette vert rekna som eit reelt krav til ettersøkshundar. Dersom ei slik opning skal kombinerast med krav om jamleg godkjenning eller sertifisering av ettersøks ekipasje, må dette vurderast av departementet. Alver kommune meiner likevel at departementet bør søkje løysingar som legg til rette for forsvarleg bruk av slike hundar, framfor å innføre forbod mot hundar som utfører oppgåva dei er sette til på ein måte som fremjar god dyrevelferd.

Alternativ

Alternativet til å endre forskriften er å ikkje opne for bruk av termiske og restlysförsterkande siktemidler ved jakt på hjort, og i stedet håndtere utfordringene med eksisterende virkemidler, det vil si å videreføre dagens regelverk (ingen forskriftsendring)

Kommunedirektøren sin tilråding

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune vedtek framlagt forslag til høyringsuttale.

Høyringsuttalen gir etter kommunedirektøren si vurdering eit balansert og fagleg godt grunngeve innspel til lovforslaget. Uttalen tek omsyn til både behovet for å avgrense skade på natur- og samfunnsinteresser, samstundes som den ivaretek omsyn til dyrevelferd, berekraftig bestandsforvaltning og rettstryggleik.

Kommunedirektøren legg særleg vekt på at:

- hovudregelen om forbod mot bruk av synleg lys og særskilde siktemiddel vert vidareført
- eventuelle unntak vert grunngeve, avgrensa og målretta
- regulering skjer på eit overordna nivå (fylkesnivå), for å sikre lik praksis og redusert byråkrati

Vidare vurderer kommunedirektøren det som viktig at regelverket i større grad tek omsyn til praktisk gjennomføring av ettersøk og behovet for å sikre god dyrevelferd, mellom anna gjennom høve til bruk av eigna ettersøkshund.

På denne bakgrunn vert det tilrådd at høyringsuttalen vert vedteken slik den ligg føre.

#### Vedlegg

- 1 Høringsbrev - Forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet.pdf
- 2 Høringsnotat.pdf